

2011/2012



ÅRSPLAN

Ulsåk Oppvekstsenter Avdeling barnehage

VESLEHØDN
TOTTEN
GEITEBERGET
KRIKKEN

TELEFON ULSÅK BARNEHAGE 32 06 01 35

Krikken 468 14 460
Totten 468 21 353
Utegruppa 900 46 530

Geiteberget 468 06 411
Veslehødn 468 10 624
Styrar 468 11 942

Barnehagens visjon.....	s. 2
Årsplanen.....	s. 2
Barnehagen.....	s. 2
Leik.....	s. 5
Fysisk utfolding.....	s. 5
Barns medverknad.....	s. 5
Dokumentasjon og vurdering.....	s. 6
Satsingsområde.....	s. 7
Sosial kompetanse.....	s. 7
Språk.....	s. 8
Veslehødn.....	s. 10
Totten.....	s. 13
Geiteberget og Krikken.....	s. 15
Utegruppa.....	s. 19
Merkedagar.....	s. 21

BARNEHAGENS VISJON

I Ulsåk barnehage jobbar vi med utgangspunkt i denne visjonen:

”Trygge og glade barn i positiv utvikling”

ÅRSPLANEN

Årsplanen blir fastsett med utgangspunkt i rammeplanen. Årsplanen består av ein fellesdel og ein del for avdelingane. Avdelingane har sitt særpreg, og er spesiell på sin måte, dette ut frå barnas alder, nivå, interesser og behov. For meir utfyllande informasjon om barnehagen viser me til månadsplanane som vil vera meir detaljerte.

BARNEHAGEN

Ulsåk barnehage er ein 4 – avdelingsbarnehage som på ligg på Ulsåk i Hemsedal kommune.

Dei 4 avdelingane er:

Krikken og Geiteberget, som ligg nede mot elva og er dei eldste avdelingane. Her går barn frå 3 – 6 år.

Totten, som var ferdig i 2008 og nye Veslehødn som vert ferdig i november 2011. Her går barn frå 0 – 3 år.

Me kan tilby desse plassane:

- full plass - 5 heile dagar i veka
- delt plass - 4 heile dagar i veka
- delt plass - 3 heile dagar i veka
- delt plass - 2 heile dagar i veka

Innanfor dei delte plassane vil det variere i kva dagar ein har.

Bemanning

Barnehagen har slik grunnbemanning:

Styrar i full stilling.

6 pedagogiske leiarar/førskulelærarar i fulle stillingar.

9 heile assistentstillinger.

PERSONALET 2011-2012

Krikken

Navn	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Gry	x	x	x	x	
Christoffer	x	x	x	x	x
Katti	x		x	x	x
Guro		x			x
Marit	x	x		x	x

Geiteberget

Navn	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Stine	x	x	x	x	x
Elin	x	x	x	x	x
Lasse	x	x		x	x
Nina	x			x	X
Guro			x		

Veslehødn

Navn	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Astrid	x	x	x	x	x
Marianne	x	x	x	x	x
Kerstin	x	x		x	x
Wenche	x		x		
Hanne		x		x	x

Totten

Navn	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Anna	x	x	x	x	x
Marit	x	x	x	x	x
Jofrid	x	x		x	x
Karoline	x	x	x	x	x

Per august 2011 er det 19 tilsette, ikkje medrekna vaktmester, reingjerningspersonalet m.fl.

Eigar: Barnehagen blir drivi av Hemsedal kommune. Barnehagen er politisk lagt under Hovudutval for livsløp.

Hovudutval for livsløp består av politikarar og Kommunalsjef som er sakshandsamar. Styrarar og rektorar kan møte med talerett i spesielle saker dersom dei vert kalla inn. Dette hovudutvalet er det politiske organ som har ansvar for barnehagesaker. I dei fleste sakene har dei vedtaksrett, men nokre saker går til kommunestyret for endeleg godkjenning, t.d. budsjett og vedtekter. Barnehagen blir drivi etter lov om Barnehagar og har Rammeplan for barnehagar som sitt arbeidsverktøy, samt kommunens eigne vedtekter.

Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette i barnehagen. I styret skal det veljast to foreldre frå kvar avdeling til Foreldrearbeidsutvalet (FAU). FAU vel 1 representant til samarbeidsutvalet, (SU). Foreldrerådet skal få førelagt og ha rett til å uttale seg i saker som er viktig for deira tilhøve til barnehagen. Dei skal fremja felles interesser til alle foreldra, og bidra til at samarbeid foreldre – barnehage skaper eit godt miljø for alle.

Samarbeidsutvalet består av tre representantar frå foreldra, ein frå barnehagen, ein frå skulen og ein frå SFO. Tre representantar frå dei tilsette, ein lærar, ein frå personale på skulen og ein frå barnehagen, og ein representant vald frå Hovudutval for Livsløp. Dei tilsette og foreldra sine representantar er på val kvar haust. Politikaren sit i ein kommunevalperiode. Samarbeidsutvalet skal få seg førelagt, og ha rett til å uttale seg i, saker som er viktige for barnehagen og skulen sitt innhald, verksemd og tilhøve for foreldra, t.d. budsjett, driftsendringar, bruk av inne og uteareal m.m. Samarbeidsutvalet skal gje uttale i viktige saker som vedkjem skule og barnehage, både i forhold til lovverk, forskrifter, vedtekter, budsjett og opplegg.

LEIK

MÅL:

- *Barnehagen skal vera ein stad for leik og utvikling.*

Leiken er ein spontan, lystprega aktivitet på barnas prinsipp og nivå. Leiken er den mest meningsfulle aktiviteten i eit barns liv, heilt frå spedbarnsstadiet til langt inn i skulealder, derfor er leiken den viktigaste aktiviteten som føregår i barnehagen. Barn som leikar er glade barn i positiv utvikling.

Gjennom leiken utviklar barna intellekt, fysikk, vennskap, sosial omgang, kreativitet, språk og det emosjonelle. Leiken er sosial og sjølv om dei yngste barna ikkje leikar i like stor grad saman, har dei stor glede av kvarandre. Kontakten dei har seg imellom utviklar og sosialt samspel og vennskap.

Å leike er eit mål i seg sjølv fordi det uttrykkjer barnas innarste tankar og hjelper barn til å gjennomarbeide opplevingar. Det er viktig at vaksne er tilstades og møter barnet på deira premisser i leiken. På den måten kan vaksne legge til rette for og vidareutvikle den leiken som til einkvar tid er i barnegruppa/med det enkelte barn.

I leiken får fantasien fullt spelerom og leiken skapar fyrst og fremst GLEDE!

FYSISK UTFALDING

MÅL:

- *Gje barna grunnleggjande kunnskap om naturen og samspelet i naturen.*
- *Barna skal utvikle kroppsleg kontroll, grunnleggjande grov- og finmotorisk rørsle, og et positivt sjølvbilete.*

Rundt barnehagen er det eit stort leikeområde som òg blir brukt av skulen. Her er det rom for aktivitetar som å sykle, køyre traktor, klatre, ballspel, hoppe paradis osv. Om vinteren er bakken nedanfor barnehagen flittig brukt til å ake på med matter og elles all annan aktivitet ein bakke kan gje. Ski blir brukt flittig på leikeområdet vinterstid. Når barna er på tur utanfor barnehagen gjev naturen barnet moglegheit for utfordring og meistring ut frå barnet sitt utviklingsnivå. Gymnastikksalen er og i bruk til ulike tider, oftare om vinteren og spesielt i kalde periodar.

BARNAS MEDVERKNAD

MÅL:

- *I Ulsåk barnehage skal barna få oppleve å ha medverknad i sin egen kvardag.*

Det er viktig at dei vaksne tek seg tid til å forstå barnets behov. Barn gjer både kroppslige og språklege uttrykk for korleis dei har det. Personalet må lytte og prøve å tolke kroppsspråk og være observante i forhold til barnas handlingar, estetiske uttrykk og etter kvart òg barnas verbale språk. Ved å la barna ta aktivt del i sin eigen kvardag får dei ei kjensle av å bli sett og tatt på alvor. Barna vil då lære seg å ta ansvar og etter kvart sjå konsekvensane av sine egne val.

For å få dette til i praksis må personalet være fleksible i sine planar og gjennomføring av desse. Me må kunne ta oss tid til å stoppe opp, sjå og lytte. Eit eksempel kan være at en planlagt langtur ikkje blir like lang fordi barna finn noko spennande på vegen som dei stoppar opp for å studere nærmare. Dette må ikkje verte forstått som at barna kan gjere akkurat som dei vil. Barna kan ikkje bestemme alt sjølve, men barnehagen vil ta dei på alvor og me vil ha gjensidig respekt for kvarandre. Dei skal lære seg å lytte til kvarandre og ta omsyn. Barn treng tydelege og ansvarsfulle vaksne som tek omsyn til heile barnegruppa. Barnehagen skal strebe etter å ha ei organisering og planlegging slik at barna får tid og rom til å medverke. Medverknad skal og skje indirekte ved at barnehagen har godt samarbeid med foreldra, gjennom dagleg kontakt i «garderobesituasjonar» og foreldresamtalar. Slik vert ein betre kjent med kvart barn, og veit meir om deira interesser og kompetansar.

DOKUMENTASJON OG VURDERING

MÅL:

Ulsåk barnehage skal ha rutinar på dokumentasjon og vurdering av det som skjer i barnehagen.

Årsplanen dokumenterer innhaldet i den pedagogiske verksemda i barnehagen for å sikre kvalitet og utvikling. Kvar avdeling utarbeidar ein månadsplan som er meir detaljert dag for dag, veke for veke. I månadsplanen blir det gitt diverse informasjon for den næraste månaden og evaluering av den førre månaden. Kvar dag blir det skrivne ”dagen i dag” og alle avdelingar har digital fotoramme der det blir synleggjort noko av innhaldet i barnehagedagen. Når barnet sluttar, får det med seg ein CD med bilete frå barnehagetida.

”Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneske i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadane for barnas utvikling og læring. Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon (Rammeplan s.50).

Barnehagen er avhengig av vurdering frå barn, personale og foreldre for å utvikle seg i positiv retning. Det er viktig å sjå på barnehagekvardagen ved å seta fokus på korleis personalets arbeid og barnehagens innhald påverkar barna.

Ved evaluering av barnehagekvardagen og ulike aktivitetar er det viktig å ha fokus på kva utbytte barna har hatt. Dette kan gjennomførast ved:

- refleksjon og praksisforteljingar på avdelingsmøtet
- rettleiing – individuelt og i gruppe
- evaluering av månadsplan
- observasjon
- halvårsevaluering
- evaluering av det psykososiale arbeidsmiljøet (ein gong per år)
- samtaler med barna

Det er viktig at foreldre kjem med tilbakemelding, både positivt og negativt. Foreldra er representert i foreldreråd og samarbeidsutval der dei har reell innflytelse på vurderingsprosessen. Vurderingar kjem også fram ved:

- dagleg kontakt/tilbakemeldingar
- foreldresamtaler
- skriftleg brukarundersøking (ein gong per år)

SATSINGSOMRÅDE FOR 2011/2012

MÅL:

- *Fremje barna sin sosiale og språklege kompetanse.*

Dette barnehageåret er satsingsområdet i Ulsåk barnehage *språk og sosial kompetanse*. Dette er eit naturleg satsingsområde, i og med at personalet gjennomgår ei kompetanseheving på området.

SOSIAL KOMPETANSE:

MÅL:

- *Barna i Ulsåk barnhage skal få verta trygge og sjølvstendige, og utvikle venskap*
- *Barna skal få utvikle respekt ovanfor andre menneske, uansett bakgrunn*
- *Barna i Ulsåk barnehage skal utvikle dei grunnleggjande ferdigheitene som trengs for å fungere i samspel med andre menneske.*

«Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i sosialt og kulturelt fellesskap.»

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald, 4. ledd)

Barn skal oppleve at barnehagen bidreg til at dei vert trygge og sjølvstendige, og etablerar venskap. Gjennom samhandling med andre, barn og vaksne, vert barn utfordra til å kunne mestre balanse mellom sjølvhending og å sjå andres behov.

Dette motverkar og ei utvikling av for eksempel diskriminering og mobbing.

For å utvikle respekt for andre kulturelle verdiar og ytringar, må ein sjølv vera trygg på sin personlege og kulturelle identitet. Dette jobbar me med i barnehagen, gjennom for eksempel temaarbeid. Sidan me har barn her i med anna bakgrunn enn norsk, så er det naturleg å verte kjent med deira kultur og bakgrunn.

Personalet skapar gjennom aktivitet og tydelegheit eit varmt og inkluderande sosialt miljø, og er naturlege rollemodellar for barna.

I Ulsåk barnehage arbeider personalet med sosial kompetanse, verdiar og haldningar ved å:

- ha respekt for ulikskap – alle skal bli sett og høyrte
- vise og lære barna medkjensle og omsorg for kvarandre
- ha anerkjennande haldningar
- gi tryggleik for kvar enkelt
- gi trygge og gode sosiale relasjonar
- ha humor og glede
- legge til rette for eit godt læringsmiljø
- la barna ha medverknad på kvar sin måte i kvardagen

SPRÅK

MÅL:

- *Barna i Ulsåk barnehage skal utvikle eit språk og evna til å kommunisere*
- *Barna i Ulsåk barnehage skal være språkleg aktive, og skal få erfaringar som byggjer opp deira forståing av omgrep og det språklige medvitet.*

Språket er noko av det viktigaste som skjer i barnets utvikling. Språk gjev identitet og tilhøring, og gjennom språket forstår barnet verda rundt seg. Barn i barnehagealder er i konstant utvikling på dette området. Det er store individuelle ulikskapar hjå barn i denne alderen.

Småbarnsalderen er den mest grunnleggjande perioden for utvikling av språk. Barnas samhandling med andre barn og vaksne i barnehagen er eit viktig ledd i denne utviklinga.

Det er gjennom samspel med andre at barn tilegnar seg språk. I samspel med andre speglar barnet seg sjølv i omgjevnadene, og ut frå dette trekker barnet slutningar om kven det er som person. For å få ei forståing av sosiale forhold, prosessar og meistring av sosiale ferdigheiter må barnet få erfaring med, og kunne delta i, fellesskap. Språket har difor stor betydning for å utvikle den sosiale kompetansen, og den sosiale kompetansen har stor betydning for å utvikle språket.

I barnehagen er vi opptatt av at barna skal ha et godt språkmiljø slik at dei lærar seg å bruke språket som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og følelsar. Det er dei vaksne i barnehagen sitt ansvar å sjå til at barna får eit utviklande språkmiljø rundt seg. Me vaksne er viktige førebilete for barna. Samtaler, song, rim/regler, høgtlesing og medvite bruk av språket i kvardagssituasjonar er nokre av våre arbeidsmetodar. Konkretar og anna språkmateriale blir og brukt i språktrening/stimulering.

Språkvanskar kan gi seg utslag på mange måtar, til dømes uttale, sein språkutvikling, språkforståing, omgrepsutvikling med meir. Når et barn i barnehagen har språkproblem har vi andre instansar vi kan samarbeide med, til dømes PPT (pedagogisk-psykologisk teneste). Dei kjem gjerne og observerar barnet, har samtalar med foreldre og pedagogisk leiar på avdelinga. Saman finn me ut korleis me kan hjelpe barnet på best mogleg måte.

Ulsåk barnehage har fleire barn med anna morsmål enn norsk. Det er viktig at barna blir forstått og får muligheit for å uttrykke seg. Barnehagen støtter at dei brukar sitt morsmål, samtidig som me jobbar aktivt for å fremme barnas norskspråklege kompetanse.

Barnehagen vil i perioden 2010 til 2012 ha eit prosjekt som heiter «felles løft». Dette er saman med alle barnehagar i heile Hallingdal, og andre instansar som jobbar med barn. Skulen skal også inn i prosjektet i laupet av dette barnehageåret.

«Felles løft» handlar om å auke personalets kompetanse innan områda språk og sosial kompetanse. Tuv og Ulsåk barnehage har òg samarbeid på tvers gjennom «Felles løft».

Me fortset òg med prosjektet "Språk og kommunikasjon" saman med skulen og Øverby kompetansesenter.

Dette vil prege mykje av tida vår. Målet for barnehagen sin del er å auke kompetansen innanfor språkopplæring, med fyljande tre delmål:

- Omsette teoriar knytt til språk og kommunikasjonsutvikling til praksis i barnehagen.
- Få forståing for pedagogens betydning for barns læring med spesielt vekt på den sosiale og språklige utviklinga.

- Drøftingar og bevisstgjeriing kring pedagogiske grunnsyn og personalets pedagogiske tilnærmingar og tiltak, særlig i forhold til barn med spesielle behov.

Situasjonar vert filma og nytta i rettleiing på personalmøte med Øverby.

Hausten 2011 startar vi med opplæring i BU-modellen med Andreas Hansen, og startar sakte men sikkert med å bruke denne i barnehagen. Dette er reiskap for å hjelpe barnas språkutvikling gjennom grunnleggjande omgrep, for eksempel: formar, fargar, størrelse, stilling, antal, posisjon og liknande.

Ein skal gjennom dette skape eit felles språk slik at ein har eit godt utgangspunkt då ein startar på skulen.

Målet for dette barnehageåret er å bruke det, i større eller mindre grad, på alle avdelingar.

VESLEHØDN

Dette året vil det starte opp 13 born på Veslehødn i alderen 1-3 år, 7 jenter og 6 gutar. På Veslehødn syns me det er viktig at barnet fyrst og fremst blir trygg på oss vaksne og barnehagen som arena utanom heimen. Barnet skal for fyrste gong innlemmast i ”storsamfunnet” – byrjinga av læringsstigen. Barnehagen sitt viktigaste mandat er å gjera barnet og foreldra trygg i denne situasjonen. Rammeplanen seier:

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling”(s.7).

Då barnet byrjar for fyrste gong i barnehagen er det ein stor forandring som skjer i deira kvardag, og for foreldra. Me vaksne tilrettelegg med godt leikemateriale og felles opplevingar som inspirerer til *leik og sosialt samvær*. Mykje *kos* er sjølvstøtt og viktig. Andre omgrep er *omsorg og tryggleik*, som ein kan sjå i samheng med visjonen for barnehagen: **”trygge og glade barn i positiv utvikling”**. Barnehagen skal vere ein base som gir barna den omsorg og tryggleik dei har krav på i sin oppvekst. Dette er med på å gi barna ein plattform for vidare utvikling i positiv retning. I rammeplan for barnehagen står det:

”Omsorgs- og læringsmiljøet i barnehagen skal fremje trivsel, livsglede, meistring og kjensla av eigenverd hjå barnet. Barnehagen må gi det enkelte barnet støtte og utfordringar ut frå egne føresetnader og bidra til eit meningsfullt liv i fellesskap med andre barn og vaksne” (s.23).

I samvær og arbeid med barn er *anerkjening* også eit viktig omgrep. Og ikkje minst er dette eit viktig arbeidsverktøy for personalet.

”Jeg trenger av deg en slags bekræftelse på at jeg blir sett, hørt og verdsatt av deg...

Når du ser meg, ser jeg i en viss grad meg selv.

Anerkjennelse er nødvendig for at jeg skal skape meg selv”

(Løvlie Schibbye).

Dagsrytme

- Bhg. opnar kl. 7.30
- Frukost kl. 8.30
- Skifte/sjekke bleier og tannpuss
- Ut ca kl 9.45 -11.00
- Dugurd kl. 11.30
- Sove/barna som ikkje søv leikar inne eller nede på store leikeplassen
- Frukt kl. 14.30
- Skifte/sjekke bleier
- Leik inne eller ute
- Bhg. Stenger 16.30

Årstida er sjølvstøtt ein varierende faktor når det gjeld uteleik. På kalde dagar kan gymsalen i større grad vera eitt bra alternativ for motorisk aktivitet og sosial samhandling.

Innhald i kvardagen:

Barn i aldersgruppa 1-3 år har sjølvstøtt ulike behov som skal tilfredsstillast. Men felles fokus for alle i størst grad er mykje leik og samvær med andre barn, som gir impulsar til vidare utvikling innan sosial kompetanse, språk, fin- og grovmotorikk, kjennskap til naturen, omgrepsforståing og elles meistring av ulike slag.

2008-barna (HAREGRUPPA) skal ha felles opplegg med same aldersgruppe frå dei andre tre avdelingane: Annankvar tysdag er det ”turdag” frå kl. 10.00-14.00, og kvar onsdag er det opplegg i gymsalen/song på Krikken frå kl. 9.50-11.00(meir info under ”Totten”).

Torsdag/fredag blir det ei lita aktivitetsstund før dei går ut.

Etter kvart som Veslehødn kjem inn i nye lokaler, blir det også enkelte daga felles leike-/samværsgrupper blant 1- og 2-åringane, der det kan nyttast ulike rom til ulike aktivitetar på Totten/Veslehødn. Samlingstund er ein aktivitet som nokre gonger kan nyttast for å dele inn i dei tre ulike aldersgruppene.

Kva er innhaldet for barnets dag på Veslehødn, og kvifor blir dei ulike aktivitetane gjort?

KVA	KORLEIS	KVIFOR
Leik	Spontan aktivitet på barnas premissar og nivå. Skal vera lystbetont. Sitja roleg med noko og konsentrere seg. Glede av å vera fleire saman - ha det moro saman. Lære å dele. Vente på at leika blir ledig.	Kontakten dei har seg imellom er tydeleg teikn på sosialt samspel og vennskap som er i emning. Sjå eige avsnitt om LEIK
Språk	Prate med barnet i alle høve; bruke garderoba, stelle- og matsituasjon. Synge, rim og regler. Ha dei på fanget og ”ride ranke”. Sjå i/lese bøker.	Barnet lærer seg ord og oppbygging av språket. Ha det moro saman. Føle rytmen og lære tonasjon/rytmen i ord. Grobotn til fantasi og bruk av språket.
Måltid	Vaske fingrane. Hendene i fanget og synge ein song. Hyggeleg stund rundt bordet - prate med barna. Spørja barnet kva det vil ha? Spørja om det vil ha meir drikke? Ete og drikke sjølv, etter kvart ete med skei/gaffel. Dele maten i to/i tre.. Vente på tur. ”Takk for maten”	Gode vaner og hygiene. Roe ned, tydeleggjera at måltidet byrjar. Trivsel og tryggleik. Språk- og omgrepstrening –lære namnet på pålegg Kjenne på ulike smaker. Bli sjølvstendige. Meistring gjev betre sjølvtilitt. Gryande matte. Respekt for dei andre. Tydeleggjera at måltidet er ferdig, mette God bordskikk
Bleieskift Do Tannpuss	Etter behov på stellebordet/badet	Fin stund for nærkontakt; ein til ein kontakt, skape tryggleik og sjå kvar enkelt. Prate med barnet, synge, rim og regler. Hygiene og velvære.
Regler	Ikkje lov å lugge, klype, dytte. Ikkje ta frå kvarandre leika, vent til den er ledig.	Lære seg sosiale spelereglar.
Samlingstund	Sita saman, i ro. Seia/synge kven som er her, telle. Songar, eventyr, rim og regler. Gjentaking. Songleikar; med bevegelse, barna held i kvarandre i ein ring. Rytmesamling med instrument. Avslutte med f.eks ”labbetuss”/”tøffe, tøffe toget”.	Sosial trening, fellesskap. Høyre om/lære tal. Lære songar, rytme, språktrening. Glede. Skape fantasi. Ha det moro. Rytmekjensle. Avslutning.

Garderobe	Ta av seg tøflane. Etter kvart øve å kle av/på seg, enklare med mindre kler.. Hente sko i yttergangen. Prate med barnet når me kler på, fortelja kva kvart plagg heiter. Hjelpe kvarandre. Fint høve for personalet til å ha barnet på fanget; nærkontakt.	Sjølvtendighetstrening. Meistringsoppgåve som gjer betre sjølvtilitt. Språk- og omgrepstrening. Sosial trening, omtanke. Omsorg, barnet kjenner at me bryr oss om det.
Fin motorikk og Fantasi	Ulike aktivitetar som duplo, togbane, perle, måle/fingermåle, bake, teikne, plastelina, vatnleik, tove ull, lime. Drikke av glas/kopp Ete med gaffel/skei Ta av tøflane m.m	Fantasien i utvikling. Sosialt samspel. Oppleva å ta og føle på. Utvikle sjølvtilitt og godt sjølvbilde. Oppleva meistring.
Grovmotorikk	Hinderløype. Gyngje på gynghesten. Leike inne og ute. Gå på tur, etterkvart også i ulent terreng – på snø og barmark Skli, huske, klatre. Tur til ”store” leikeplassen. Rydde.	Balanse og koordinering. Bli kjent med kroppen og meistre nye utfordringar. Dette styrker kognitiv utvikling og positivt sjølvbilde. Sjå kva som skjer utanfor barnehagen. Viktig at leikene har fast plass slik at barnet veit kvar dei enkelte leika er – innbydande å starte på ny. GLEDE – ha det moro
Gi barnet eit positivt sjølvbilde	Små oppgåver dei meistrar; hente sko, rydde. Oppriktig interesse for kvart enkelt barn og gi dei positive tilbakemeldingar. La barnet prøve sjølv før vaksne hjelper for mykje – ikkje ta frå barnet gleda det er å få til sjølv.	TRYGGE OG GLADE BARN I POSITIV UTVIKLING ☺ Styrker sjølvbilde og meistringsfølelsen.

Utanom dei daglege gjeremåla har me også ”tema” opp mot satsingsområdet: ”Fremja barna sine sosiale og språklege kompetanse”.

2011	Tema	2012	Tema
August/september	Bli kjent	Januar	Fargar
September	Haut/grønsaker/brannvern	Februar	Fastelavn - gommo-/gofafest
Oktober	Eventyr/Troll	Mars	Påske
November	Rim/regler	April	Vår/fuglar
Desember	Advent/jul	Mai	17.mai/flagg
		Juni	Karneval

Gjennom BU-modellen(Magne Nyborg) vil me ha fokus på desse ulike aktivitetane: farge, form, storleik.

Følg med på ”DAGEN I DAG” (heng på tavla i gangen) for å sjå kva aktivitet som er gjort og på kva måte.

TOTTEN

På «Totten» er det i år 14 barn i alderen 1-3 år fordelt med 5 barn fødd i 2008 (1 gutt/4 jenter), 4 i 2009 (2 gutter/2 jenter) og 5 i 2010 (5 gutter). Til vanleg flytter dei som fyller 3 år på «Geiteberget» og «Krikken», men i år var gruppa som starta i skulen mindre enn dei som skulle flytte «ned». Vi har da valgt å ha 1-3 år på alle avdelingar, Samstundes vil vi jobbe på tvers av avdelingane om aldersgruppene. Barn fødd i 2008 vil både ha aktiviteter med dei -08-barn som går på alle 4 avdelinger og aktivitetar med berre -08-barn på «Veslehødn» og «Totten».

Dagsrytme «Totten»

TID	KVA	KVIFOR	VAKSNE PÅ JOBB
7.30	Vi tek imot barna i garderoben. Gjer og får evt. beskjed/info. Set i gong aktivitet/leik	Viktig at vi får starten god og ok for både foreldre og barn	1
8.00			2 MA/TI/TO/FR
8.20	Vi starter med å dekkje på til frokost	Viktig at alt er på plass til måltidet starter- barna er sultne!!	
8.30	Frokost. Barna et medbrakt mat. Mjølkk får dei her. Om alle som skal ete frokost greier å vera i <u>barnehagen til 8.30 er det fint – da blir måltidet roligere</u> . Kjem ein og annan likevel etter 8.30 tek vi ikkje imot i garderoben. Det gir uro i måltidet (sjå mål neste spalte).	Startar med ein song når alle har satt seg. Vi hjelper barna med å finne fram maten. <u>Målet</u> er å få måltidet koselig/rolig. Ein plass vi kan prate sammen.	2 På ONSDAGER
8.45			3 MA/TI/TO/FR
Ca 9.00	En/to vaksne startar med å hjelpe til med tannpuss og bleieskift/do.	Tar med 1-2 barn slik at dette og vert roleg. Arena for å lære personleg hygiene og språktrening	
9.10	Ein vaksen går på morgonmøte. Eit kort møte der vi får/gjer info om dagen i dag		4 MA/TI/TO/FR
	Vi fortset med tannpuss/bleie/do samtidig som 1-2 vaksne rydder etter frokost + er med i barnas lek	Viktig at vaksne er med i leken og legger til rette for lek/aktivitet/sosial samspill.	
Ca 9.45	Forbereder oss til å gå ut. Rydding på avdeling. Trening i å kle på seg. Nokon gonger gjer vi det i små grupper.	Mestring i å kle på seg. Lære kva vi skal ha på i ulike «typer vær». Hjelp andre. Arena for språktrening	
10.45,11.00	Vi går inn; er det vått og mye klesskift treng ein meir tid enn om det er tørt.	Evt klesskift.Håndvask.	
11.15	Ei kort samling. 1-2 vaksne lager mat/dekker på.	Sosial trening. Vente på tur. Sang, rim, regle osv.	
11.30	Lunsj. Vi et i to grupper. Varm mat 2 gonger i uken. Brød 3 gonger.	Et i mindre grupper for å vera sikker på at alle vert høyrd/sett. Lettare å prate sammen i ei mindre gruppe. Arena for språktrening og	1 vaksen til pause

		mestring i å «handtere» maten sin.	
Ca. 1200	Bleie/do. Dei som skal sove, legg seg.	Som etter frokost. En voksen er med i leiken til det er rydda etter mat og de som skal sove har lagt seg	Etter do osv 2 til pause
Ca 13.00	Nokon dager vert det samling for dei som ikkje søv. Her kan vi jobbe med tema/lesestund, eller ha formingsaktivitet. Det kan og vera nokon ute att.	Vi legger til rette tema og aktivitet for de litt større barn her.	
Ca 14	Frukt	Barna får tilbod om ekstra mat – nokon har att i matboksen, og vi har brød igjen fra lunsj. Frukt og vann	
Etter frukt 14.50	Bleiesjekk/do		Ein vaksen går heim
Etter frukt + 15.30	Frileik	Frileik, gjerne i mindre grupper så vi får til ein god leik.	Ein vaksen går heim MA/TI/TO/FR
16.00			En vaksen går heim (ons)
16.15			Ein vaksen går heim MA/TI/TO/FR
16.30	Barnehagen stenger		16.30 Siste vaksne går heim

LEK: Vi prøver å gje barna tid til mykje frileik – dvs leik på barnas premis, deira interesser, deira nivå – vi vert med i leken. Prøver å få til ein god leik for barna der dei kan leike saman og konsentrere seg. Leiken er viktig både inne og ute. Vi går på tur og prøver å vera nysgjerrige og oppdage ting med barna – undre oss.

Språk. Snakker med barna og set heile tiden ord på det dei og vi gjør. I både leik- og rutinesituasjonar – når vi et og når vi leiker, både inne og ute. Vi har sang- og lesestunder. Rim og regler.

Som satsingsområde har vi i år:

- Øverby kompetansesenter som er her på 2. året. Det handler om «språk og sosial kompetanse».
- Felles løft tidlig innsats.. Handlar om «språk og sosial kompetanse». Mål er å gi personalet økt kompetanse – tidleg innsats for barn. «Kompetente vaksne gir kompetente barn».
- Videre skal vi jobbe med BU-modellen. Det er begrepsundervisning satt i system. Vi har alltid jobbet med dette, men ikkje så systematisk som vi skal no. Følg med på månadsplan. Starter opp etter haustferien med dette

20. oktober skal nybygget stå ferdig, slik at «Veslehødn» kan flytte inn til fyrste november. Vi gleder oss til å få 2 småbarnsavd. ved sia av kvarandre. Det betyr meir samarbeid mellom «Veslehødn» og «Totten». Vi har enno ikkje hatt tid til å legge noen faste rammer for det, og trur vi må sjå meir på det når «Veslehødn» er i hus. Akkurat no bruker vi ein del tid på byggjemøter, og bestille div. til innredning. Så det vil seie at det kjem mer info om dette seinare – nov/des.

GEITEBERGET OG KRIKKEN:

Her er ei lita oversikt over dagsrytma i grove trekk på Geiteberget og Krikken. Enkelte dagar vil sjå slik ut, andre vil i større eller mindre grad skilje seg frå dette. Er det til dømes fint vær er me gjerne meir ute.

TID	KVA	KORLEIS	KVIFOR
07.30	Barnehagen opnar Personalet tek imot borna i garderoben.	Personalet seier hei til barnet, og er med på å hjelpe barnet inn i leik når det kjem. Personalet tek imot beskjedar frå foreldre.	Gir barnet ein god start på dagen. Få vite om ting det er viktig at me vaksne veit som angår barnet.
08.30 – 09.00	Frukost	Me sit saman og pratar. Me sit til alle er ferdige.	Me ynskjer å ha eit triveleg måltid. Muligheit for gode samtalar.
	Tannpuss	Borna pussar tennene sjølve med ein vaksen til stades.	God tannhygiene, og barna øver på å pusse tennene. Innarbeide ein god vane.
09.15	Leik	Barna bestemmer sjølve kva dei vil leike med. Me vaksne er tilstades der borna er.	Øving i sosialt samspel, bruk av fantasien, språk, fin- og grovmotorikk.
Ca. 09.45	Samlingstund / Inndeling i ulike grupper.	Samling der me snakkar saman, les bøker, syng songar og lærer rim og regler. I grupper skal me jobbe med BU (begrepsutvikling) Gymsal / tur og lignende.	Eit samlingspunkt for alle i løpet av dagen, felles fokus og oppleving. Læring, språktrening. Fin –og grovmotorisk øvelse
Ca 10.15	Leik eller gruppeaktivitetar	Gruppeaktivitetar saman med ein vaksen: Aktiviteter i smågrupper. Gruppene er satt saman av personalet.	Gruppeaktivitetar: Øving i sosialt samspel, bruk av fantasien, språk, fin –og grovmotorikk. Ved å delta i leik og i grupper kan me vaksne legge ekstra til rette for å styrke det sosiale til dømes innad i aldersgruppene. Aktiviteter i mindre grupper gir meir vaksenkontakt og betre oppfølging.
11.30	Dugurds	Matpakker eller mat som me lagar i barnehagen. Me pratar saman og sit ved bordet til alle er ferdige.	Sjå tidlegare omtale om måltid. Øve på å sende, smøre sjølve, vente på tur ved smørelunsj.

	Do og påkledning	Alle skal på do før me går ut. Alle står i kø og ventar på sin tur. Borna skal i størst mulig grad kle på seg sjølve, me vaksne er behjelpelige der det trengs.	Lære å vente på tur. Omgrepstrening, øving i å kle på seg sjøl. Konsentrasjonsøving.
Ca 12.30 – 14.15	Leik ute	Sjå tidlegare omtala.	Sjå tidlegare omtala.
14.30	Fruktmåltid	Me et frukt og gjerne litt brødiskive.	Det er lenge mellom lunsj og middag for enkelte, så det er godt med litt mat i magen.
16.30	Barnehagen stenger.		

Opent mellom avdelingane:

Krikken og Geiteberget er ganske like med tanke på alder og kjønn på barna. Dette gjeld også i forhold til mengde barn. Me ynskjer at alle barna skal kjenne til kvarandre sjølv om dei går på forskjellige avdelingar. Då spesielt at borna i same alderskull skal kjenne godt til kvarandre. Difor har me lik dagsrytme, og me har det nesten alltid ope mellom avdelingane. Det vil seie at når borna blir levert om morgonen kan dei velje kor dei vil leike. Det er ofte styrt av kva barn som har komme. Dei fleste borna går gjerne på “besøk” til den andre avdelinga, mens nokon kanskje treng fylgje av ein ven eller ein vaksen. Me et som regel kvar for oss, men dersom nokon ynskjer å ete frukost på den andre avdelinga er det som regel greit.

Me har felles utetid, og borna er saman frå begge avdelingane når dei er på turar. Me håpar at når borna sluttar i barnehagen og skal over i skulen, så er dei godt kjende med klassekameratane sine, uavhengig av om dei har gått på same avdeling eller ikkje.

Satsingsområde: “Språk og sosialt samspel”

Språk og sosialt samspel heng nøye saman. Barn har mange måter å kommunisere på; verbalt, kroppsspråk, fakter, mimikk mm. Barn brukar språket og det sosiale samspelet til å bearbeide opplevsalar og inntrykk. Dei leiker det dei lærer. Dei lærer turtaking, bevisstheit om andre, og dei brukar språket og leiken til å bearbeide følelsar. Barn brukar språket til å uttrykke sine behov, tankar og idèar. Språket brukast og til å ta imot og utføre beskjedar. Dette er berre noko av det me er opptatt av i forhold til borns språklige og sosiale utvikling, og dersom me ser at barn har problem med, eller ikkje mestrer dette, er det vårt ansvar å hjelpe bornet.

I Ulså barnehage er me med i eit språkprosjekt som kallast ”Felles Løft” (heile Hallingdal er med), og heile personalgruppa er med på eit prosjekt med to flotte damer frå Øverby Kompetansesenter, der hovudfokus er på barn og kommunikasjon. Dei brukar filming som eit reiskap for å vise oss det me er gode til, og me lærer mykje positivt om kommunikasjonsferdigheter. Det pedagogiske personalet i barnehagen har vore/skal vere med på ei kursrekke der me blir kjent med den såkalla BU-modellen. (Systematisk omgrepsundervisning – tidleg og forebyggjande innsats). I tillegg til dette er Marit Fauske

Bjerkkan ferdig utdanna Marte Meo-pedagog, ho vil kunne hjelpe oss ved behov. Dette dreier seg i hovedsak også om kommunikasjon mellom barn - vaksen, og barn - barn. Marte-Meo metoden gjeng ut på å filme ulike situasjonar mellom barn og vaksne, og veiledning av personalet etterpå. Det fokuseres kun på det som er positivt, altså adferd me vil ha meir av.

Alt dette skal, saman med det me kan frå før om barns språklige og sosiale utvikling, gjere oss endå betre på å hjelpe barn i riktig retning, og også oppdage barn som slit med dette.

Leik på Krikken og Geiteberget:

Leiken er ein viktig del av barnehagekvardagen. Leiken endrer seg etterkvart som borna veks til, difor vil leiken på Krikken og Geiteberget skilje seg frå leiken på småbornsavdelingane. Dei leikar meir og meir avanserte rolleleikar, og konstruksjonsleiken og dei finmotoriske aktivitetene når nye høgder.

På Krikken og Geiteberget har me både leik som borna sjølv styrer, og leik/oplegg som me vaksne har satt i gang i ulike leikegrupper. Me meiner at begge deler er ein viktig del av barnehagekvardagen. I leik der vaksne er med for å støtte kan me vere med på å stimulere sosial utvikling og særlege omsyn å ta i høve til enkelte born. I leiken får borna øve seg i å finne på ting, ta eige initiativ, og å øve fantasien.

Det er ulike former for leik blant borna. Rolleleiken stimulerer fantasien, trener det sosiale samspelet og borna får teste ut ulike roller.

Konstruksjonsleik øver finmotorikken, den logiske sansen og omgrep knytt til former, størrelse og farger. Slik leik finn me i lego – kroken, og med klossar og med andre konstruksjonsleiker. Desse ulike leikene finn ein rundt på avdelingene. Me bytter på leikene, men som sagt så er det opent mellom avdelingene så borna har muligheit til å gjere det dei vil. Med dette ynskjer me å stimulere til leik mellom baa avdelingene.

Finmotorisk leik handlar om perling, veving, teikning, klipping og liming til dømes. I tillegg har me mykje puslespel og andre spel som stimulerer logisk sans, tal, teljing, fargar og omgrep.

Grovmotoriske aktivitetar finn hovudsaklig stad ute eller i gymsalen. Alle borna er der minst annakvar veke. Der vert det lagt til rette for både fri og styrt aktivitet. Ute oppmuntrar blant anna leikeapparat for klatring og sykklar til bruk av heile kroppen.

På Krikken og Geiteberget ynskjer me at leikene i størst mulig grad skal vere tilgjengelig for borna slik at dei sjølve kan velje kva dei vil drive med. Derfor har me plassert det meste av leikene slik at borna kan plukke fram det dei ynskjer når dei ynskjer det. Sjølv om leiken er på bornas premiss og initiativ betyr ikkje det at me vaksne ikkje er tilstades. Me ynskjer å vere tilstades der borna er, delta i leiken deira og støtte oppunder det som skjer.

Samarbeid mellom barnehagen og skulen:

Me samarbeidar med skulen om ulike aktiviteter. Dette er med på å underbyggje at barn og vaksne blir trygge på kvarandre og kan ha ein triveleg kvardag saman. Spesielt i felles utetid blir dette lagt merke til. Me har felles uteområde, og særleg vår og haust har me utetid samstundes.

Overgang barnehage – skule:

Det nære samarbeidet barnehagen har med skulen bl.a. gjennom SFO på onsdagar og felles utetid gjer til at 2006 borna får ein mjukare overgang til skulestart. Borna lærer å kjenne enkelte skulebarn og vaksne som arbeider der. I tillegg er det nokre konkrete ting som skjer i forbindelse med skulestart. Alt dette skjer i løpet av våren.

- Alle førskuleborn, også dei som ikkje har dag, vert invitert på besøk til SFO ein halv onsdag. Me blir og invitert på besøk til 1. klasse ein halv dag.
- Foreldresamtalar med foreldre, barn og rektor.
- Foreldremøte på skulen.
- Førskulelærer på avdelinga og læraren som skal ha borna har eit overføringsmøte i fht barnegruppa.

Vekeoversikt:

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG
Tur for Elg- gruppa	Førskuletrening for 2006- borna.	Sfo for 2006 - borna.	Tur for torsdags gruppa.	Tur for fredagsgruppa.
Samling / grupper for dei som er igjen på avdeling.	Annankvar tysdag er det tur for Hare-gruppa	Gymsal, annankvar veke for Hare- og Gaupe-gruppa.	Samling / grupper for dei som er igjen på avdeling.	Samling / grupper for dei som er igjen på avdeling.
	Varmmat	Leik for Elggruppa annankvar veke.		
		Varmmat		

Kvar måndag er Elggruppa på tur. Dei vil få servert mat / varm mat denne dagen. Ta med ein god sekk med sitjeunderlag og gjerne varm/kald drikke.

Annankvar veke er det turdag for Haregruppa. Borna må ha med seg mat denne dagen. Ta med ein god sekk med sitjeunderlag og gjerne varm/kald drikke.

Torsdag – og fredagsgruppene må også ha med seg matpakke den dagen dei skal ut, i tillegg sekk, sitjeunderlag og varm/kald drikke.

Førskuletrening for 2006 – borna er kvar tysdag. Me får låne mediateket på skulen til desse timene.

Gymsal for Gaupegruppe og Haregruppe er annankvar onsdag. Der får barna lære ulike regelleiker, og dei får tid til leik. Den gruppa som er igjen på avdeling har ei sangsamling, og leik med borna på tvers av alle fire avdelinger.

UTEGRUPPE, GEITEBERGET- OG KRIKKENBARN

Mål for utegruppa:

Barna skal få kjennskap til natur, årstidene, dyr og fuglar, vær og påkledning. Dei skal og få auka respekt for natur og nærmiljø.

Personale:

Nina Berntsson er ansvarleg for utegruppa, og har med seg fast personale frå Krikken og Geiteberget.

TID	KVA	KORLEIS	KVIFOR
9.30	Påkledning, klargjering.	Oppfordrar barn til å gjera mest mogeleg sjølve, hjelper dei som treng det.	Førebu seg til tur, lære om kva for påkledning ein treng til ulike årstider
10.00	Samling på trappa.	Snakkar om kvar turen skal gå den dagen, og innhald/tema.	Førebu og inspirere.
10.30 – 11.00	Tenner bål. Barn er med på å førebu måltid.	Hente ved, pakkar ut niste, lage mat, ordne sitjeplassar osv.	Læring om kva ein treng, korleis og kvifor.
11.15	Måltid.	Anten nistemat eller at barnehagen lagar. Alle et saman. Same reglar som inne – bordskikk gjeld sjølv om ein er på tur.	Gode vanar, lære å vente på tur, hjelpe andre om ein kan osv.
11.45	Pakke sekk etter mat		Halde orden i eigne ting/utstyr.
12.00 – 13.00	Frileik	Barna bestemmer sjølve kva dei vil leike med. Me vaksne er tilstades der borna er.	Øving i sosialt samspel, bruk av fantasien, språk, fin- og grovmotorikk.
13.00 – 13.30	Temaarbeid		

Det vert eitt tema for kvar veke. Månadsplanar vert hengde opp for turdagane, men dei er «lause», d.v.s. at personalet er opne for endringar og at barna medverkar i sin kvardag.

Eksempel på innhaldet etter årstidene:

Haust: Dyr: kva skjer med ulike dyr om hausten

Bær: her kan ein plukke, smake og eventuelt lage mat med bær

Vinter: Dyr: kva gjer dyra om vinteren

Snøleik: ski, snø- og isskulpturar, snøborgar, grave små holer, byggje ting med snø osb.

Juletre: barna pyntar sitt eige juletre i skogen

Fuglar: Lage mat og hengje opp i skogen

Vår: Dyr: kva skjer med ulike dyr om våren

Vårteikn: korleis ser ein at det er vår?

Sommar: Dyr: kva gjer dyra om sommaren

Lavvo – området: rydde og gjere det fint

Elles er det og tid for plukking av bær og blomar, andre vekster

Turane vert variert til ulike område, eksempel er bygdatunet, Svøo – området, lavvo – området m.fl. Om det er svært kalde periodar, (eks. under -15 grader) vert det kvar dag vurdert kor turen skal gå. Nokon gonger kan det kanskje passe med ein liten skitur eller liknande på jordet attmed barnehagen. Andre dagar kan det passe med ein kort luftetur, men dette er ved ekstrem kulde. (Det vert uansett tatt opp med foreldre om det skulle verte slike værtilhøve.)

MERKEDAGAR ULSÅK BARNEHAGE 2010-2011

Veke/dato	Aktivitet	For kven
September		
15. september	Hauستtur	Barn og personale på Krikken og Geiteberget
26. september	Fotografering	Barn og personale
Veke 38	Brannveke	Barn og personale
Veke 39	Grønnsaksfest	Barn, foreldre og personalet
Oktober		
Veke 40	Hauستferie for skula	
November		
Heile november	Barn frå eit anna land, og Forut	Barn og personale
14. november	Interkommunal planleggingsdag. Barnehagen er stengd	Personalet
Veke 47	Forutforeldrekafe	Barn, foreldre og personale
Desember		
13. desember	Luciafeiring	Barn, foreldre, søsken og personalet
19. desember.	Nissefest	Barn og personale
Veke 52 Romjula	Avdelingane er slått saman ut frå kor mange barn som kjem.	
Januar		
2. januar	Planleggingsdag. Barnehagen er stengd	Personalet
Februar		
23. februar	Karneval for Geiteberget og Krikken	Barn og personalet
Mars		
Veke 7	Gommo- og Gofafestveke	Barn, besteforeldre og personale
Veke 9	Skula har vinterferie denne veka	
Mars - helg	Lusekampanje	Barn, foreldre og personale
29. mars	Ski og akedag	Barn og personale
30. mars	Påskedugurd	Barn og personale
April		
Veke 14 Påska	Avdelingane er slått saman ut frå kor mange barn som kjem.	
Mai		
11. mai	Rydding til 17.mai saman med skulen – tog og is	Barn og personale
18. mai	Planleggingsdag. Barnehagen er stengd.	
23. mai	Karneval på Totten og Veslehødn	Barn og personale
Juni		
5. juni	Sumaravslutningsfest	Barn, foreldre og personale
13. juni	Informasjonsmøte for nye foreldre	Styrar og nye foreldre
Juni/Juli/August		
	Avdelingane er slått saman etter som kor mange barn som er til ein kvar tid.	
August		
16. og 17.	Planleggingsdagar. Barnehagen stengt	Personalet
Veke 34, 35, 36	Innkøying av nye barn	Barn, personalet, foreldre

Det vert teke atterhald om endringar undervegs.